

# Møtereferat

**Til:** Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

**Til stades:** Elisabeth B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Sven Hove, Grete Müller, Solfrid Lillebø (vara)

**Forfall:** Harald Lindvik, Oddveig Birkeland

**Møteleiar:** Grete Müller

**Møtedato:** 05.09.2016

**Klokkeslett:** 10.00-15.00

**Møtenr:** 7/16

**Møtestad:** Helse Vest, Forus. Møterom Preikestolen, 3. etg

**Arkivref:** -

Saksnr	Emne	Ansvarleg
62/16 Kl 10.00	<p>Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelt-saker</p> <p>Innkalling godkjent.</p> <p>Tre saker til eventuelt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Linn Bæra – orientering om foredrag på vegne av RBU</li> <li>2. Grete Müller – om bruk og innhald i begrepa likemenn/erfaringskonsulentar /medarbeidarar med brukarerfaring</li> <li>3. Grete Müller - Bemanning ved fødeavdelingar i sommar</li> </ol>	Grete Müller
63/16	Referat frå førre møte godkjent.	Grete Müller
64/16 10.10- 11.10	<p>Informasjon om prosjekt «Veiviser», som dreier seg om eit recoverybasert helsetilbod for personar med rus og psykiske vanskar. Eit hovudbodskap er å gå frå brukarmedverknad til sjølvråderett.</p> <p>Prosjektet er eit samarbeid mellom Helse Stavanger, Helse Fonna, Jæren DPS og fleire kommunar.</p> <p>«Recovery er å huske hvem du er, og å bruke dine sterke sider til å bli det mennesket du var mulighet til å være». Dette helsetilbodet representerer eit paradigmeskifte, der man har gått frå ein tradisjonell medisinsk modell til meir rettighetsorientering.</p> <p>I prosjektet skal det tilsettes lønna likemenn, og det</p>	Randi Mobæk, avd.dir. for unge voksne Helse Stavanger, Inger Kari Nerheim, spesialrådgiver Helse Stavanger, Irene Midt

	<p>oppsto her ein diskusjon i møtet da likemenn tradisjonelt har vore ei ulønna oppgåve som pasientorganisasjonane har hatt ansvar for. Likemenn i dette prosjektet er meir å forstå som erfaringskonsulentar, sjå også sak 74/16, punkt 2.</p> <p>Vidare blei det mellom anna tatt opp at overgangssituasjonar mellom behandlingsnivå er særleg sårbare for pasienten, og her blir erfaringskompetansen som likemennene har viktig for å sikre gode behandlingsforløp.</p> <p>Sjå vedlagte presentasjonar for meir informasjon om prosjektet</p>	
11.30-12.00	<b>Lunsj</b>	
65/16	<p>Felles retningslinjer for brukarmedverknad.</p> <p>Kort utgreiing om prosess vidare. Forslag til felles retningslinjer skal sendast på høyring til brukarutvala og føretaka i løpet av september med høyringsfrist desember 2016. Etter høyring skal det lagast felles styresak for behandling av forslag til felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå i RHF-styra.</p>	Grete Müller
66/16	<p>Interregionalt RBU-møte 28.-29. september i Bergen – innspel frå RBU til sakliste.</p> <p>Møtet skal i hovudsak arbeide fram innspel til oppdragsdokument for 2017 frå Helse- og omsorgsdepartementet. RBU kom med følgjande innspel til saker som IR RBU-møte bør ta opp:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samtykke versus reservasjonsrett – Linn følgjer opp dette, som også var ei sak i førre IR RBU-møte.</li> <li>- Brukarmedverknad i helseforsking – dette bør gjerast meir synleg på dei nye nettsidene som alle helseføretaka skal bruke. Helse Nord og Helse Midt har allereie oppdatert sine nettsider, og Helse Vest oppdaterer denne hausten.</li> <li>- Tilsetting av erfaringskonsulentar og likemenn</li> </ul>	Grete Müller
67/16	<p><u>Brev/invitasjonar til eller frå brukarutvalet:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Brev frå Grete Müller til Helse- og omsorgsdep. (HOD) om praksis for oppnemning av medlem til ekspertutval som skal gjøre det enklare å utnytte informasjon i</li> </ol>	Grete Müller

	<p>sentrale helseregistre (brev lagt ved møteinnkallinga)</p> <p>Kort orientering frå Grete Müller om bakgrunn for brevet, der ingen brukarrepresentantar er førespurt om delta i dette ekspertutvalet.</p> <p>2. Svar frå HOD på brev frå Grete Müller, jf. punkt 1. (brev lagt ved i møteinnkallinga)</p> <p>HOD anbefaler at RBU tar opp dette med leiar av ekspertutvalet, og Linn Bæra vil følge opp dette vidare.</p> <p>Dette vil også bli følgt opp vidare i det interregionale brukarutvalsmøtet 28.-29. september.</p> <p>3. Oppnemning av deltakarar til Regionale kompetansenettverk for habilitering av barn og unge. (Førespurnad sendt RBU den 15. juni 2016)</p> <p>Det var ingen med relevant kompetanse om dette i det regionale brukarutvalet, og Grete Müller har sendt førespurnaden over til aktuelle pasientorganisasjonar. Det er kompetansenettverka sjølv som følgjer dette opp vidare.</p> <p>4. «BarnsBeste – det nasjonale nettverket for barn som pårørende i arbeid med spesialisthelsetjenetsten» - førespurnad om brukarmedverknad (lagt ved i møteinnkallinga).</p> <p>Det er ein brukarrepresentant som har meldt sin interesse, og dette er meldt vidare til Helse Sør-Øst. Svarfrist her er 15. september, og det vil bli fatta ein avgjerd etter at fristen har gått ut.</p> <p>5. Prosjekt Odda sjukehus hausten 2016. Førespurnad frå Helse Vest RHF om brukarmedverknad (e-post sendt til RBU 27. juni 2016)</p> <p>Det er viktig at det er deltakarar frå Odda-</p>	
--	---	--

	<p>området med i denne gruppa, og førespurnaden er difor sendt vidare til Helse Fonna.</p> <p>6. Invitasjon frå Helse Vest RHF til Fagdag om rusmiddelbruk og psykisk utviklingshemming den 18. oktober 2016 på Tysvær (e-post sendt RBU 27. juni 2016).</p> <p>Ein brukarrepresentant ønskjer å delta her.</p> <p>7. Førespurnad frå Helse Vest RHF om deltaking i arbeidsgruppe om frivillig tvang innan TSB (e-post sendt RBU den 28. juni 2016)</p> <p>RBU har nemna opp Pål Berger frå RBU og Hilde Otteren, leiar av Ungdomsrådet i Helse Bergen, til å delta her. Arbeidet har starta opp.</p> <p>8. Invitasjon frå Helse Vest RHF om høyringsinnspel på sluttrapport frå prosjekt Stord sjukehus. (e-post sendt RBU den 28. juni 2016)</p> <p>Grete Müller har utarbeida eit høyringssvar i samarbeid med brukarutvalet i Helse Fonna. Høyringssvaret vil bli sendt direkte til Helse Fonna innan tidsfristen. Høyringssvar lagt ved.</p> <p>9. Førespurnad frå Helse Vest RHF om brukarmedverknad i Regionalt kompetansenettverk for behandling av flyktingar og asylsøkarar (e-post sendt RBU den 10. juli 2016)</p> <p>RBU har nemna opp Victoria Skretting til å delta her.</p> <p>10. Førespurnad frå Helse Vest RHF til å delta med 1-2 brukarrepresentantar i regionalt prosjekt om ambulante tenester og tidleg støtta utskriving. (Denne førespurnaden kom dessverre ikkje med i møteinnkallinga, men blei sendt ut på e-post 30.08.2016)</p> <p>RBU har nemna opp Annbjørg Hellestræ og Kjell Inge Bringdal til å delta her.</p>	
--	--	--

68/16	<p>Carina Mæland informerte om at styret i Helse Vest har påpeika at det er betydeleg større variasjon innan psykisk helsevern enn det er innafor somatikk, og ønskjer av den grunn ein gjennomgang av heile tenestetilbodet i Helse Vest. Fagavdelinga ønskjer innspel frå RBU til innsatsområde innan psykisk helsevern og TSB.</p> <p>Følgjande tilbakemeldingar blei gitt i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samhandlingsreforma er sentral her, og fungerer dårleg for pasientar i psykiatrien. God samhandling er særleg viktig i overgangssituasjonar mellom tenestenivåa.</li> <li>- Utgreiing tar for lang tid i høve til å få tidleg hjelp. Hjelpa må komme først, også får utgreiinga komme i andre omgang (det blir her vist til Stange-hjelpa, som er eit gratis helsetilbod der oppdraget er å fremme psykisk helse)</li> <li>- I eit pakkeforløp må man ta omsyn til individet, og forløpa må være individuelt tilpassa. I medikamentfri behandling må alle pasientar få tilbod om eit likare tilbod; i dag er det for stor variasjon.</li> <li>- Rekruttering av rett fagkompetanse i kommunane er ei utfordring.</li> <li>- Uro for at pedagogisk psykologisk teneste (PPT) ikkje har kapasitet til å hjelpe dei «enkle» tilfella da dei tyngre tar all tid. Samt uro for at barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) ikkje har kapasitet og tilstrekkeleg kompetanse til å handsame både dei lettare diagnosane/problemstillingane og dei tyngre, meir kompliserte diagnosane/problemstillingane.</li> <li>- Det bør være eit minimumstilbod av behandlingstypar som skal være felles for alle DPS-a.</li> <li>- Det må være eit større samarbeid mellom DPS-a for betre ressursutnytting.</li> <li>- Barnevern kan ikkje nok om rusproblematikk, og barn med rusproblem blir for seint fanga opp.</li> <li>- Auka produktivitet må ikkje gå utover kvalitet.</li> <li>- Kvalitetsindikatorar – pasienttilfredsheit bør også bli målt. Ønskje om at alle HF-a skal bruke skjema for dette, som skal ligge i</li> </ul>	Carina Mæland, rådgiver fagavdelinga HV RHF
-------	---	---

	<p>styringsportalen slik at ein kan gå inn og samanlikne resultat.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Alle bør ha ein recovery-basert behandlingstilnærming</li> <li>- Bør være konsistent bruk av nemningane likeperson/erfaringskonsulent/medarbeidarar med brukarerfaring.</li> <li>- Det er for lite spesialisthelsetenester til innsette i fengsel.</li> <li>- Fastlegar er lite involvert i helseteam.</li> <li>- Lite koordinering og IP, og dette varierer enormt i vår region</li> </ul> <p>Helse Vest RHF vil på bakgrunn av tilbakemeldingar frå det regionale brukarutvalet, innspel frå helseføretaka og ein heilskapleg vurdering av talmateriale utarbeide ein ny styresak til desemberstyremøtet, og denne saka vil danne grunnlag for vidare arbeid med plan/strategi i 2017.</p>	
69/16	<p>Høyrings svar på ny rettleiar om pårørande i helse- og omsorgstenesta. <a href="#">Les høyringsbrevet, se høyringsutkastet og gi høyrings svar her.</a> (E-post sendt RBU 13. juni 2016.</p> <p>Høyrings svar lag7 ved.</p> <p>Det blei diskutert betydninga av at også venar kan fungere som pårørande, og i rettleiaren står det at det er opp til pasienten å peike på kven som skal være pårørande.</p>	Grete Müller
70/16	<p>Fellesmøte med styret i Helse Vest den 3. oktober og deltaking på styreseminar 3.-4. oktober 2016 på Solstrand Hotell i Bergen. RBU har ansvar for å lage saksliste. Styreseminaret vil handle om Helse2030-strategien.</p> <p>Forslag til saksliste og påmelding gjennomgått i møtet. Saksliste lagt ved.</p>	Grete Müller
71/16	<p>Spørsmål frå Grete Müller til HV, sendt 24. juni 2016, om vurdering av tilvising og retten til helsetenester – når er retten oppfylt?</p> <p>Hanne Løvereide Årstad gjorde greie for regelverket her. Det er to moglege utfall – enten at man har rett til helsehjelp, og da skal ha time, eller at man ikkje har rett til helsehjelp. Tilvisinga må være god sidan ho dannar grunnlaget for den medisinskfaglege vurderinga og dermed fristen for behandling.</p>	Hanne Løvereide Årstad, senorrådgivar eigaravdelinga i HV

	<p>Frist til behandling – ved avklart tilstand. Frist til utgreiing – ved uavklarte tilstandar.</p> <p>Fristen blir sett til oppstart av behandling eller nødvendig utgreiing, det vil seie når pasienten har fått ein time. Pasienten kan ikkje bli tatt av ventelister før behandling/utgreiing er starta opp. Ein forundersøking er ikkje å anse som oppstart av behandling. Uavhengig av fristar så skal pasienten uansett ha eit forsvarleg helsetilbod, jf Prop. 118 L s. 52. Ein kan klage til fylkeslegen dersom man ikkje er nøgd med behandlinga.</p> <p><u>Innspel frå RBU:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Veldig mange pasientar, særleg eldre, har uavklarte tilstandar, og det er behov for fleire undersøkingar før ein kan stille rett diagnose og gi behandlingsfrist.</li> </ul>	
72/16	<p>Orientering om deltaking i arbeidsgrupper/prosjekt (oppdatert oversikt lagt ved)</p> <p>RBU bør ved neste møte gå igjennom oversikta og ta stilling til kva type prosjekt/arbeidsgrupper som skal prioriterast.</p>	Grete Müller
73/16	<p>Orienteringssak om «Samvalg»</p> <p>Claus Ingebrigtsen informerte om eit møte han hadde vore på om utvikling av APP-er og WEB-verktøy som støtte for samvalsprosessar, og nevnte her Simone Kienlin, som har skrive ein masteroppgåve om samval og om ulike løysingar for korleis dette kan gjerast på ein god måte.</p>	Claus Ingebrigtsen
74/16	<p>Eventuelt</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Linn Bæra vil ta opp foredragsverksemda si på neste RBU-møte den 3. oktober.</li> <li>2. Det er ei utfordring at nemningar som likemann/likeperson, erfaringskonsulentar og medarbeidarar med brukarerfaring nyttast om ein annen, særleg sidan likemanns-/likepersons nemninga først og fremst blir nytta av pasientorganisasjonane i samband med frivillig arbeid. Grete Müller vil følgje opp dette, og det blir ei sak på RBU-møtet den 3. oktober.</li> <li>3. Bemanning ved fødeavdelingar i sommar – Grete sendte eit brev om dette til Helse Vest i</li> </ol>	Grete Müller

	august, men har ikkje mottatt svar enno. Ho vil purre opp dette.	
--	--	--

Neste RBU-møte er fellesmøte med styret i Helse Vest den 3. oktober 2016 på Solstrand Hotell, Bergen. Den 4. oktober er RBU invitert til å være med på styreseminaret (også på Solstrand), som er via arbeid med Helse 2030-strategien.